

Fortun Bygdalag
6877 Fortun

Fortun 28.09.2010.

NVE – KONSESJONSAVDELINGEN

**Boks 5091 Majorstua
0301 OSLO**

Høyningsuttale om Øyane kraftverk, Luster kommune.

Me viser til informasjonsfoldaren til Hydro ang utbygging av Øyane kraftverk, og vil gjerne koma med ein del innvendingar.

Punkt 1.

Hydro har krav i tidlegare konsesjon om at dei skal halda elveløpa opne og klare for å ta imot flaumar som kjem i gamle elveløp.

Dette kravet har ikkje Hydro oppfyllt etter utbygginga i Fortunselva. Elvefaret mellom Øyane og Steig er heilt oppfyllt med massar og må reinskast opp. I tillegg må det byggast tersklar for å få fisken attende.

Derfor meiner me at Hydro ikkje må få nye konsesjonar i Fortunsvassdraget før dei har oppfyllt krava i tidlegare gitt konsesjon.

Punkt 2.

Inntaket i elva for Øyane kraftverk må flyttast frå overkant av Spitarfossen, ned til Nyasetli.

Grunnen til det er at dette er eit mykje nytta område både til fiske, bading og anna rekreasjon. Derfor er det heilt uakseptabelt at området ovanfor Spitarfossen vert neddemt, og Spitarfossen og området nedanfor vert heilt eller delvis turrlagt. Dette er ei av ”Perlene” i Nørsterdalen og må takast vare på.

Det som står i informasjonen til Hydro om at ”Tradisjonelt friluftsliv utøves i liten grad frå Øyane og oppover Fortunsdalen” og ”dalføre er fyrst og fremst adkomstkorridor til viktige friluftsområder i fjellet” er direkte feil og misvisande.

Å flytta inntaket ned til Nyasetli er ikkje noko problem med dagens ekspertise og tekniske løysingar. Den einaste grunnen til at Hydro ikkje vil flytta inntaket nedover er at då tapar dei fallmeter.

Punkt 3.

Når det gjeld ny kraftline framover dalen meiner me at denne bør leggjast i kabel.

Dette for sikkerheitas skuld, slik at lina ikkje vert teken av ras.

Punkt 4.

Ei undergruppe av Fortun Bygdalag, ”Fortun Fritid og Næringshage” har eit prosjekt gåande med å få starta opp ny næring i skulen i Fortun og elles i Fortunsbygda. Det vert jobba med å få utflytta fortunsdøler attende til dalen og starta opp eigne bedrifter. Det vert jobba med finansiering til ein prosjektleiar som kan jobba med dette på full tid, men det trengs også midlar for å få skikkeleg fart i prosjektet.

Hydro har betalt berre symbolske summar for fallrettane i Fortunsdalen og bør ha ei moralsk plikt til å gi noko attende til bygda.

Derfor krev me som ein kompansasjon til bygda for at Hydro får bygga ut, at Hydro bevilgar 1,2 millionar kroner til dette prosjektet.

Punkt 5.

Vegen mellom Skagen og Øyane er mange plassar i svært dårlig forfatning. Me reknar med at det vert ein god del tungtransport framover dalen i byggeperioden som vil medføra stor slitasje og øydelegging av vegen. Derfor krev me at Hydro set av midlar til å rusta opp vegen på denne strekningen.

Punkt 6.

Illvatn kraftverk.

Hydro har pr i dag ikkje noko krav på seg til å ha reservekapasitet i bassenga sine for å ta imot eventuelle flaumar.

Derfor krev me at NVE stiller krav til Hydro om at dei til ein kvar tid skal ha for eksempel 10 % reservekapasitet på Illvatn for å forhindra flaum ved store nedbørsmengder.

Me håpar at NVE vil vurdera og ta til følgje krava våre fordi dette er noko som heile bygda stiller seg bak.

Med venleg helsing
Fortun Bygdalag

v/ Jan Norvald Steig
Leiar

